



Jobbnorge-ID: 71600

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Seks stipendiatstillinger ved Det psykologiske fakultet (sak 10/11252)

Ved Det psykologiske fakultet er det ledig seks stipendiatstillinger (4 år) fordelt på Institutt for samfunnspsykologi (2 stillingar), Institutt for pedagogikk (1 stilling), Institutt for klinisk psykologi (1 stilling), Institutt for biologisk og medisinsk psykologi (1 stilling) og HEMIL - senteret (1 stilling).

Det psykologiske fakultet har som ambisjon å vere leiande nasjonalt og i fronten internasjonalt på utvalte forskingsområde. Fakultetet har pågåande samarbeid med meir enn 50 land i fleire verdsdelar. Det internasjonale forskings- og undervisningssamarbeidet er omfattande og høgt prioritert. Fakultetet sine strategisk prioriterte hovudsatsingsområde innan forskning er knytt til helse, læring, utviklingsrelatert forskning og basalforskning i vid forstand. Fakultetet organiserer forskinga i forskingsgrupper som samla har ein stor tematisk spennvidde. Omlag 130 studentar er påmeldt i fakultetets ph.d. - program. Fakultetet sin ambisjon er å tilby ei forskarutdanning som er konkurransedyktig både nasjonalt og internasjonalt.

Det psykologiske fakultet er eit breiddefakultet som for tida underviser meir enn 1300 studentar. Fakultetet tilbyr profesjonsutdanning for psykologar, bidrar med pedagogikkdelen av lærarutdanninga, og tilbyr grader innan eit vidt felt: barnevern, Gender and Development, helsefremmande arbeid, pedagogikk, psykologi, arbeids- og organisasjonspsykologi og logopedi.

Fakultetet er organisert i fem institutt som stillingane er knytt til:

Institutt for pedagogikk (IPED)- 1 stilling:

Institutt for pedagogikk lyser ut ei stipendiatstilling. Stillinga kan tematisk rettast inn mot alle fem forskingsgruppene ved instituttet: Bildung, kunst og pedagogisk filosofi (<https://www.uib.no/fg/bkp>), Digitale læringsfellesskap (<https://www.uib.no/fg/dlc>), Undervisningsprofesjonalitet (<https://www.uib.no/fg/up/>), Forskningsgruppen for læring og undervisning i høyere utdanning (<https://www.uib.no/fg/fluh>) og Kunnskap, utdanning og demokrati (<https://www.uib.no/fg/kud>). Ta kontakt med instituttleiar, professor Rune J. Krumsvik (Rune.krumsvik@psych.uib.no), tlf. 55 58 48 07 eller forskingsgruppeleiarane for meir informasjon.

Merk søknaden: Institutt for pedagogikk.

Institutt for biologisk og medisinsk psykologi (IBMP)- 1 stilling:

Institutt for biologisk og medisinsk psykologi lyser ut ei stipendiatstilling. Den faglege verksemda ved IBMP er knytt til forskning og undervisning innan biologisk psykologi, kognitiv nevrovitenskap, nevropsykologi og logopedi. Det er ca. 50 tilsette inkludert stipendiatar/postdok og tekn/admin personale. IBMP har 3 forskingsgrupper (fMRI, RECS, BCLG), ein forskarskole (IGSIN) og ein nevropsykologisk poliklinikk. IBMP rår over moderne laboratorium for elektrofysiologi samt dyreforskning og har god tilgang til fMRI-fasilitetar. Kontaktperson er instituttleiar, professor Helge Nordby, tlf. 55 58 62 86. Web: <http://www.uib.no/ibmp>.

Merk søknaden: Institutt for biologisk og medisinsk psykologi.

Institutt for klinisk psykologi (IKP) - 1 stilling:

Institutt for klinisk psykologi lyser ut ei stipendiatstilling. Instituttet har ansvar for forskning og undervisning innanfor kjerneområde i profesjonell psykologisk kunnskap. Desse er grunnlag for psykologars yrkesutøving i helsevesenet, både innanfor spesialisthelseteneste, førstelinje og lavterskeltilbod. Instituttets forskning og kompetanse omfattar utredning og behandling av eit breitt omfang av psykiske lidingar. Instituttet skal utvikle og formidle kunnskap innanfor dei sentrale områder av evidensbasert psykologisk behandling. Vidare har instituttet kompetanse om korleis slik behandling kan utøvast i forhold til alle aldersgrupper og innanfor ein breidde av sosiokulturelle kontekster. Kontaktperson er instituttleiar, professor Per E. Binder, tlf. 55 58 90 90. Web: <http://www.uib.no/ikp>

Merk søknaden: Institutt for klinisk psykologi.

HEMIL-senteret - 1 stilling:

HEMIL-senteret lyser ut ei stipendiatstilling. HEMIL-senteret (<http://www.uib.no/hemil>) er tverrfagleg og samarbeider tett med forskarar frå andre fakultet og universitet. Instituttet er internasjonalt ledande innan forskning om helsefremmande arbeid. Forskinga inkluderer blant anna: 1) studier i livskvalitet, subjektive helseplager og positiv psykologi og 2) helseopplevingar, helseåttferd og livstilfredsheit hos ungdom frå ulike land. Stillinga er knytt til forskingsgruppe Social Influence Processes on Adolescent health (SIPA). Kontakt- person er professor Bente Wold (bente.wold@uib.no, 55 58 32 23). SIPA: <https://www.uib.no/rg/sipa>

Merk søknaden: HEMIL-senteret.

Institutt for samfunnspsykologi (ISP) - 2 stillingar:

Institutt for samfunnspsykologi lyser ut to stillingar. Instituttet har til saman 28 faste vitenskaplege stillingar og har hovudtyngda av undervisningsansvaret sitt på 1. og 2. avdeling ved psykologstudiet. I tillegg gjev instituttet i aukande grad andre undervisningstilbod i psykologi, m.a. introduksjonsstudiet i psykologi, bachelor og master i arbeids- og organisasjonspsykologi og bachelor i generell psykologi. Kontaktperson er instituttleiar, professor Svein Larsen. Tlf 55 58 86 28 E-post: Svein.Larsen@psysp.uib.no url <http://www.uib.no/isp>

Merk søknaden: Institutt for samfunnspsykologi.

Søkjarar må ha relevant mastergrad eller tilsvarande (norsk eller utanlandsk).

Stipendiatane skal gå inn i eit godkjend opplegg for ein ph.d.-grad innanfor ei tidsramme på fire - 4 - år. 25 % av denne perioden er pliktarbeidstid for universitetsstipendiatar. Det vil verta gjort frådrag i tilsetjingsperioden for eventuell tidlegare rekrutteringsperiode.

Søkjaren må saman med søknad på stillinga sende utfyllt søknadsskjema om opptak til den organiserte forskarutdanninga. Rettleiing for søkjarar til stipendiatstillingar ved UiB finn ein på denne lenka:

<http://www.uib.no/psyfa/forskning/forskerutdanning-ved-det-psykologiske-fakultet/opptaksinformasjon/veiledning-for-sokere-til-stipendiatstilling>

Skjema for opptak finn ein på denne lenka:

<http://www.uib.no/psyfa/forskning/forskerutdanning-ved-det-psykologiske-fakultet/opptaksinformasjon/soknad-om-opptak-til-organisert-forskerutdanning>

Undervisningsspråket er til vanleg norsk og engelsk. Utanlandske søkjarar vil få tilbod om opplæring i norsk.

Utkast til plan for gjennomføring av forskarutdanninga og prosjektskildring skal liggje føre samstundes med søknaden. Prosjektskildringa på 8-10 sider skal innehalde ein kortfatta litteraturgjennomgang som viser at søkjaren kjenner området og kan trekkje fornuftige konklusjonar frå tidlegare forskning. Stadfesting frå forskingsgruppe og rettleier er naudsynt, og det vert rekna med at forskingsgruppa tek aktivt del i utforminga av prosjektet.

Ved vurdering av prosjekta for opptak i forskarutdanninga vert det lagt vekt på følgjande: Problemstillingar og/eller hypotesar skal vere avgrensa. Prosjektet skal basere seg på gjennomførlege metodar, og prosjektet skal såframt det er mogleg nytte seg av etablerte metodar på feltet. Den del av prosjektida som er tenkt nytta til "metodeutvikling" skal normalt vere minimal. Prosjektet skal ha ein realistisk progresjonsplan og kunne gjennomførast innan avsett tid/stipendperiode. Det skal føreligge avtale om rettleiing og tilknytting til forskingsgruppa. Ved vurdering av søkjaren skal det leggjast særleg vekt på skriftlege arbeid i tillegg til hovudoppgåva/ masteroppgåva. Forsking og praksis av relevans for doktorgradsarbeidet i studietid og/eller etter avslutta studium skal gje uttelling ved vurdering av aktuelle søkjarar.

Løn etter lønsssteg 48 (kode 1017/LR20.8) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga. Universitetet i Bergen nyttar "meiroffentleg innsyn" ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Søknad og CV skal sendes elektronisk via knappen "søk på jobben" til Universitetet i Bergen. I tillegg skal søknad og prosjektskildring, vedlagt stadfesta kopiar av vitnemål og attestar, og vitenskaplege arbeid og liste over desse, samt søknad om opptak til den organiserte forskarutdanninga (alt i 6 eksemplar), sendast til Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen, Postboks 7800, 5020 Bergen innan 31.01.2011.

Søknaden skal merkast sak 10/11252.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: